

# Gråsporven – ein hardfør og heimkjær tass i trøbbel?



Foto: Terje Kolaas.

Av Torborg Berge

**Gråsporven har vorte kåra til Årets fugl 2003. Han er ein folkekjær og munter fugl som dei fleste av oss tek for gitt. Elska eller hata – kva ligg til grunn for menneska si oppfatning av denne arten, og kor mykje veit me eigentleg om han? I Storbritannia har gråsporven hamna på raudlista over trua artar. Kva er årsaka til det, og korleis er stoda til gråsporven i Norge?**

Når kvikksølvet ligg samanklump nedst i termometeret, dagane er over før dei har byrja og kald vind uler rundt hushjørnet, er det ikkje mykje liv å sjå. Unnataket er nokre små, gråbrune fjørballar som sit på tunet utanfor kjøkkenvindauget, eller fêr som små kuler gjennom lufta. Det er gråsporven, den hardføre og lite sky skapningen, som mange, ikkje utan grunn, kallar huskall. Han er ein av få fuglearter som held seg hjå oss heile vinteren. Sjølv så langt nord som lengst nord i Finnmark «er den altsaa fullstændig stationær», skreiv Collett i 1921. Gråsporven er med andre ord veldig stadbunden og held seg stort sett innanfor ein radius av ein kilometer heile året (Bjordal 1994).

## Gråsporven i dikt og folketru

Gråsporven finst over det meste av landet der det finst folk, og han har i uminnelege tider vore knytta til menneskeleg aktivitet.

Mennesket har også utvikla eit nært forhold til arten, noko mange ordtak, songar og dikt kan visa til. Kostveit (2000) ser i boka «Fuglen i folkekulturen» nærare på dette forholdet. Til dømes måtte ein merka seg kva slags fuglar som kom først då ein sette opp kornneket til jul. Var det sporven, varsla han eitt godt år. I gammal folketru hadde sporven folk sin sympati. Mykje av sympatien kunne nok skuldast at han held seg hjå oss heile den kalde vinteren, og difor kan reknast som herre i alle situasjonar, noko som også vert illustrert i Einar Skjæraasen sitt dikt «Gråspurv».

## Skade- eller nyttedyr?

Ikkje alle var like glade i den vesle tassen, og «Det hev vore ymse meiningar um graasporven skulde reknast for aa vera nyttug eller skadeleg» (Strand 1901). Collett skriv i *Norges fugle* (1921) at «Graasporven er som oftest mindre vel likt, da den foruden

## Gråspuro

*Når alle fine soulur  
slår venga ut og fær,  
da sit'n att i tunet  
og trøter tta her,  
spuroen.*

*Når alle lerker koirer  
i grønne palmeland,  
da sit'n på en rimkoist  
og syng så godt'n kan,  
spuroen.*


*Einar Skjæraasen*

at gjøre skade paa kornagrene ogsaa fordriver andre og ædlere smaafulge-arter fra parker og haver ved at optage alle pladse og gjøre naboskabet for utiltalende for de andre». Han skriv vidare at «Graasporven er en meget intelligent fugl, som meget vel forstaaer at indrette sig efter omgivelserne. Hvor den ikke forfølges, bliver den snart meget tam, ja næsten fræk». Embrik Strand strekkjer seg litt lenger i boka «*Norske fuglar I. Sitjefuglarnes*» (1901): «Det vilde difor vera betre, um folk, i staden for aa stella vel med graasporven, som dei mange-stad gjer, la seg etter aa tyna honom. Og det burde ikkje minst dei gjera som er glad i og vil freda um andre smaafulgar. Den beste raadi til aa tyna mange paa ein gong er aa straa korn paa slett mark i ei lang rad, og so, naar sporvane er komne, skjota etter marki, so hagleselda gjeng gjennom heile radi».

Også i dag ser mange negativt på gråsporven, men då ofte ut frå eit litt meir vitenskapleg grunnlag som at sporvane kan vera smitteberarar av ulike sjukdommar. Sjølv desse mistankane er nok ofte grunnlause, og snarare basert på uvisse og redsle enn på faktiske data. Den såkalla «Mjølkeføreskrifta» om produksjon og frambod av rå mjølk (FOR 1995-06-30 nr. 636) seier i kapitlet om krav til lokale og utstyr m.v. i mjølkeproduksjonsversemd (kapittel 3, § 9.9) at «Fluer, rotter, mus og andre skadedyr skal bekjempes». Skal gråsporven verta råka av føreskrifta, må han verta rekna som «andre skadedyr». Det vert altså ei tolkings-sak av kva som er skadedyr. Næringsmid-deltilsynet ser på han som skadedyr, etter-som dei meiner han kan føra med seg smitt-same sjukdommar, som til dømes Salmone-lla. Om husdyr nokon gong har vorte smitta av å ha gråsporv i fjøset, er heller uvisst. Kva skjer forresten når kyrne kjem ut på beite, der dei er i kontakt med mange fleire ulike fuglearter?

Dersom me tek utgangspunkt i «Mjølkeføreskrifta» og må klassifisera gråsporven som skade- eller nytte dyr, burde me kanskje heller byrja å sjå på han som nytte dyr. Han tek trass alt insekt i fjøset, og er altså med på å halda flugebestanden nede. Dan-ske undersøkingar rekna ut at ein sporv i tida mellom april og august kunne eta om lag 23 000 insekt. Mange av desse insekta var skadelege (Haftorn 1971). Kanskje bør me også ta ein kikk tilbake og læra av his-toria. I 1958 lanserte formann Mao i Kina «Det stor spranget» der jordbruksreformer tvinga bøndene til å gå over til massive kollektivbruk og til å smelta om reidskap-ane sine for å laga stål. Omveltningane førte

## Årets Fugl - dette skjer i 2003



For fortløpande informasjon om Årets fugl 2003, sjekk opp NOF sine nettsider på [www.birdlife.no](http://www.birdlife.no), og klikk deg rundt. Her vil du finna diverse stoff om gråsporven, samt informasjon om aktivitetane rundt Årets fugl 2003.

For å profilera Årets fugl og NOF på ein best mogleg måte, er det viktig at alle gjer ein innsats for prosjektet. Etter kvart vil me senda ut pressemeldingar, og informasjonsark til skular og aktuelle organisasjonar.

I sist nummer av VF (4-2002) oppfordra me folk til å føra sporvane, samt byggja og hengja opp kassar til dei. Dette er det berre å fortsetja med, då det kan vera ekstra hardt

for fuglane å finna seg mat nå på seinvinteren. Vidare har me alt utlyst ein teiknekonkurranse for barn (sjå boks på neste side).

Me oppfordrar folk til å leggja inn hekkeobservasjonane sine i Norsk Hekkefuglatlas. Samstundes har me oppretta eit samarbeid med Nettverk for miljølære (NML), der me oppfordrar folk til å registrera gråsporv-observasjonane sine (sjå boks lenger bak i artikkelen). Her håpar me at så mange som mogleg vil gjera dette, slik at me kan få betra oversikten over gråsporvbestanden i Norge. Alle data vil til slutt enda opp i den interaktive hekkefugldatabasen [www.fugleatlas.no](http://www.fugleatlas.no)

Norsk Naturbokhandel AS vil også snart få inn dei obligatoriske krusa, pinsane og t-skjortene med motiv av Årets fugl 2003.

Me dette oppfordrar eg alle til å gjera ein innsats for å hjelpa og profilera gråsporven. Sit du inne med gode idear, eller berre har lyst til å gjera ein innsats, så ta kontakt!

Torborg Berge  
e-post: [prosjekt@birdlife.no](mailto:prosjekt@birdlife.no)  
73526040 (NOF)/ 73938897 (priv.)

til stor hungersnaud, og minst 30 millionar menneske svalt ihel. Mao greidde ikkje sjå følgjene av egne tiltak, og skulda hungerkatastrofen på sporven, som saman med rottene, vart skulda for å stela korn (sporven vert her brukt som nemning på alle små, kornetande sporvefuglar, men i første rekke er det kanskje snakk om pilfink). Difor vart det sett i gang ein storstilt kampanje for å utrydda sporven. Kvar landsby premiere den som hadde drepe flest sporvar. Mao hadde derimot gløymt at fuglane ikkje berre åt korn, men også insekt, og åra etter at anti-sporv kampanjen vart sett ut i livet vart Kina heimsøkt av dei verste grashoppeinvasjonane i historia. Grashoppesvermane gjorde reint bord, og hungersnaua vart endå større.

### Sporven i hekketida

«Graasporven hev ein velsigna givnad til aa kunna øksla seg, og han gjer ikkje anna

heile sumaren enn yngjer» (Strand 1901). Ja, gråsporvhoa legg gjerne dei første 4-5 egg sine i april, og deretter går det slag-i-slag med eitt til to kull til utover sommaren. Egga vert ruga i 13 til 14 døgn før dei klekkjer, og ungane må deretter forast i 16-17 døgn før dei forlét reiret. Ungane greier ikkje å ta til seg mat sjølv før om lag ei veke etter utflyging, og sjølv då vert dei føra endå ei til to veker av foreldra (Summers-Smith 1988, Ringsby m.fl. 1998, 2002, pers.obs.). Mora kan likevel byrja å leggja egg att berre få dagar etter at det førre ungekullet flaug ut or reiret, og difor er det helst hannen som førar etter utflyging (Summers-Smith 1963). Før utflyging deler foreldra på å føra, men hoa førar då meir enn hannen (Berge 2002). I heile denne tida er insekt det vanlegaste på menyen. Egglegging og ungefostring kan halda fram til like uti august, og ungane kan byrja å reprodusera sjølv før det har gått tolv månader (Summers-Smith 1963).



På grunn av bremfelling heng storleiken på hannen sin brystfleck saman med kor aktiv han er. Flekken kan difor tolkast som eit sant signal for kor sterk hannen er, og er difor viktig for dominans og makeval. Foto: Terje O. Nordvik.

Etterkvart som ungene vert uavhengige, streifar dei rundt i nærområdet (ca. 1 km) og dannar lause flokkar som samlar seg der det er mykje mat. I første omgang et dei mykje gras- og ugrasfrø, og der det finst korn, kan dei også ta dette etterkvart som det mognar (Summers-Smith 1963). «...og so god mathelsa som han hev, er det ikkje so reint lite han kann gjera ende paa med det» (Strand 1901). Når hekketida er over, slår også dei vaksne seg saman med desse flokkane for ei tid, sjølv om dei framleis er knytta til reiret, og ofte returnerer dit for å overnatta. Utpå hausten bryt «sommarflokkane» opp og dei vaksne vender tilbake til hekkeområdet, der dei nå bruker mykje tid i og ved reiret (Summers-Smith 1963). Når ungfuglane, litt seinare, vender attende til hekkeområdet der flokken vart danna og byrjar leita etter reirplassar, er vaksenfluglane vel etablerte, og det er ingen tvil om hva for reirplassar som opptatte og ikkje (Summers-Smith 1963). Ein kan då sjå små ungfuglflokkar som fær rundt og sjekkar ut høler under takskjegg og møner på leiting etter ein eigna plass. På denne måten lærer dei kva slags plassar som eignar seg som reirplass, samstundes som dei får oversikt over ledige høler der dei kan overnatta kalde vinternetter. Så snart dagane byrjar å verta lenger utpå seinvinteren, vil unge hannar ta i bruk ledige høl, forsvara dei overfor andre hannar og syngja ihuga til dei får seg ein make.

### Små lurigar

Før trudde ein at gråsporven var heilt monogam og hadde den same maken gjennom heile livet. Undersøker me litt nærare, ser me at heller ikkje alle sporvane er like tru-faste. Ein sjeldan gong vil ein hann underhalda to hoer, og han kan då vera far til ungene i to ulike reir på same tid. Vanlegare er det at hoa parar seg med «framande» hannar, slik at nokre av ungene i reiret ikkje tilhøyrer maken hennar (såkalla Extra Pair Paternity, EPP) (Griffith pers.med.).

Hoa kan velja hann ut frå kor flink han er til å føra ungar, eller ut frå kor stor brystfleck han har, noko som ofte heng saman med føringsevna. Hannen sin brystfleck kan tolkast som eit sant signal for kor stor og sterk han er (Veiga & Puerta 1996). Dette er fordi tuppane på brystfjørene er lyse, medan basisen er svart. Fuglar som er aktive vil fortare slita av tuppane (såkalla bremfelling) og dermed få større brystfleck enn fuglar som er mindre aktive. I vinterflokkar har det vist seg at hannar med store brystflekkar er dominante over hannar med

## Teikna ein gråspurv!

I samband med «Årets fugl 2003» lyser Norsk Ornitologisk Forening ut ein teiknekonkurranse for alle barn i alderen 0-16 år. Oppgåva er å teikna gråspurv!

Teikningane vil verta vurderte av ein jury der ein kunstnar, samt eit par sentrale personar i NOF er medlemmer. Originalitet og kunstnerisk evne vil verta vektlagd.

Teikningen/teikningane må merkast med namnet, adressa og alderen til kunstnaren, (+ eventuell e-post, dersom du har).

Send teikningen/teikningane til: «Årets fugl 2003», Norsk Ornitologisk Forening, Sandgata 30B, 7012 Trondheim **innan 1. oktober 2003**.


Vinnarane vil få premiar med motiv av Årets fugl 2003 frå Norsk Naturbokhandel AS.

NOF reserverer seg rett til å nytta og publisera alle teikningar som kjem inn. Vinnarteikningane vil verta lagde ut på NOF sine heimesider på internett, [www.birdlife.no](http://www.birdlife.no), samt komma på trykk i *Vår Fuglefauna*.



# Kartlegg gråsporven og legg han inn i fugleatlasen!

For å få betre oversikt over gråsporvbestanden og utbreiinga hans, og for betre å sjå om bestanden har gått tilbake dei siste åra, er det viktig å samla inn så mange observasjonar som mogleg. Difor er det fint om også du vil senda inn gråsporv-observasjonane dine. Dersom du alt er registrert som brukar av Norsk Hekkefugleatlas, legg du fortløpande hekkefunna dine inn på [www.fugleatlas.no](http://www.fugleatlas.no). Vil du verta ny fugleatlasbrukar viser me til eigen artikkel på s. 20-22 i dette nr. av VF, og s. 146 i VF nr. 3, 2002. For å få inn så mange opplysningar som mogleg om gråsporven, samarbeider også NOF med Nettverk for miljølære (NML). Me håpar at samarbeidet vil føra til at NOF får inn informasjon frå grupper av befolkninga som me sjølv ikkje når ut til. NML vender seg m.a. til skuleverket, og har eit opplegg der skuleklassar kan velja gråsporv som prosjektarbeid. Observasjonane frå skulane og andre som vert nådd gjennom dette nettverket, kan registrerast på <http://miljolare.no/grasporv/>. Dei som legg inn observasjonar her, vil også kunna logga seg på for å sjå oppdaterte oversikter over det som har kome inn på prosjektet, både i liste og i kart. Alle hekkeobservasjonane som kjem inn til NML vil til slutt verta importerte i [www.fugleatlas.no](http://www.fugleatlas.no), og alle observasjonane som NOF samlar inn i fugleatlasen vil også verta sendt over til NML. I tillegg til dei vanlege opplysningane som vert lagt inn i fugleatlasen, ønskjer me litt ekstra informasjon om gråsporven, og desse opplysningane må leggjast inn som kommentar til observasjonen:



© Rune Roalkvam

1. Habitat (by, tettstad, gard)
2. Bygningstype (bustadhus, driftsbygning i landbruket, industribygg)
3. Finst det fuglekassar (tilpassa gråsporv) i nærleiken
4. Er reiret i fuglekasse
5. Ca. byggeår for bygning med gråsporvreir
6. Driftstype dersom på gard (korn, dyrehald, gras utan dyr, nedlagd)
7. Dersom dyrehald, kva slags artar, og ca. kor mange dyr finst på garden
8. Vert sporvane føra (vinter og el. sommar)

## Slik går du fram:

1) Logg deg inn på [www.fugleatlas.no](http://www.fugleatlas.no) og registrer observasjonane dine.

2) Får du problem med innlegginga i databasen, kontakt brukarstøtte på [fugleatlas@nina.no](mailto:fugleatlas@nina.no), eller [nof@birdlife.no](mailto:nof@birdlife.no) (73526040). For dei som rapporterer via <http://miljolare.no/grasporv/>, vil fylkeskontaktane dela ut passord for pålogging, samt kunna hjelpa deg om du skulle få problem.

## Oversikt over fylkeskontaktar for registreringar på NML:

**Oslo og Akershus/Østfold:** Audun Brekke,  
Vetlandsvn. 78A, 0685 Oslo  
Tlf: 22 26 40 10 (p) / 47 02 48 84 (m)  
e-post: [audun.brekke@usit.uio.no](mailto:audun.brekke@usit.uio.no)

**Vestfold:** Øivind Egeland,  
Fredtun folkehøyskole, 3294 Stavern.  
Tlf: 33 11 52 24 (p) / 92 06 08 51 (m)  
e-post: [oivind.egeland@fredtun.no](mailto:oivind.egeland@fredtun.no)

**Hedmark:** Per Nøkleby, 2335 Stange  
Tlf: 62 57 16 31 (p) / 90 59 96 25 (m)  
e-post: [per.nokleby@ha-nett.no](mailto:per.nokleby@ha-nett.no)

**Oppland:** Dag Fjeldstad,  
Brekkm. 2634 Fåvang.  
Tlf.: 61 28 49 52 (p) / 97 17 44 97 (m).  
e-post: [leonfje@online.no](mailto:leonfje@online.no)

**Buskerud:** Jens Erik Nygård,  
Brinken 19, 3400 Lier, Tlf: 32 84 84 02  
e-post: [jenygard@online.no](mailto:jenygard@online.no)

**Telemark/Aust-Agder/Vest-Agder:**  
Runar Jåbekk, Jåbekk, 4516 Mandal  
Tlf: 95 28 19 97 (m)  
e-post: [runar.jaabekk@c2i.net](mailto:runar.jaabekk@c2i.net)

**Rogaland:** Sveinung Hobberstad,  
Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug  
Tlf: 51 43 07 41 (p)  
e-post: [sveinung.hobberstad@hesbynett.no](mailto:sveinung.hobberstad@hesbynett.no)

**Hordaland:** Gunnar Kjeilen, Hagardsbak-  
ken 9, 5227 Nesttun. Tlf: 48 12 96 13,  
e-post: [gkjeilen@online.no](mailto:gkjeilen@online.no)

**Sogn og Fjordane:** Kjetil Mork,  
Bjørnekroken 33, 1430 Ås  
Tlf: 64 97 78 65 (p) / 64 85 56 06 (a)  
e-post: [kjetil\\_mork@yahoo.com](mailto:kjetil_mork@yahoo.com)

**Møre og Romsdal:** Per Ingebrigt Karbø,  
Karbø, 6218 Hellesylt.  
Tlf: 70 26 40 18 (p) / 91 32 40 84 (m)  
e-post: [pkarboe@frisurf.no](mailto:pkarboe@frisurf.no)

**Sør-Trøndelag:** Jon Peter Stav,  
Antonie Løchens vei 9, 7020 Trondheim.  
Tlf: 72 55 36 75 (p) / 48 24 48 74 (m)  
e-post: [jpstav@online.no](mailto:jpstav@online.no)

**Nord-Trøndelag:** Einar Hugnes,  
Dregsetv., 7510 Skatval.  
Tlf: 74 80 16 21 (p) / 99 04 95 08 (m)  
e-post: [ei-hug@online.no](mailto:ei-hug@online.no)

**Nordland:** Paul Shimmings,  
Postboks 90, 8860 Tjøtta.  
Tlf: 75 04 36 77 (p) / 91 16 31 15 (m)  
e-post: [shimmy@online.no](mailto:shimmy@online.no)

**Troms:** Geir Harald Dreyer, Utsikten 7,  
9325 Bardufoss. Tlf: 77 83 47 90 (p)  
e-post: [hara-dre@online.no](mailto:hara-dre@online.no)

**Finnmark:** Morten Günther,  
Dr. Nedlers vei 18A, 9900 Kirkenes  
Tlf: 78 99 90 46 (p) / 78 97 36 12 (a)  
e-post: [egnter@online.no](mailto:egnter@online.no)

små brystflekkar, og dermed får dei også større tilgang på mat og har lettare for å halda seg i god form (Møller 1987 a, b, Solberg & Ringsby 1997). Mykje kan også tyda på at hannar med store brystflekkar er meir attraktive for hoene (Møller 1988), sjølv om det på somme stader kan verka motsett (Griffith m.fl. 1999, Griffith 2000).

## Gråsporven - ein art i tilbakegang

Gråsporven er ein av mange artar fuglar, virvellause dyr og planter som har hatt ein drastisk nedgang i Nord-Europa dei siste 25 åra. Nokon har byrja å kalla dette tapet av biologisk mangfald for «Den andre tause våren», og det er nært knytta til intensivring og industrialisering av landbruket.

Målet, å gjera så mykje som mogleg av primærproduksjonen tilgjengeleg for menneskeleg forbruk, vert etterstreba så hardt at det går sterkt utover resten av naturen og får ein katastrofal effekt på biodiversiteten (Krebs m.fl. 1999). Gråsporven har også vorte negativt påverka, og i Finland har arten hamna på lista over nesten trua artar. Det vil seia at han har vorte vurdert opp mot kriteria for å vera direkte trua, trua eller sårbar, og at han ligg nær opp til å vera kvalifisert til ein av desse kategoriene, anten nå, eller i nær framtid. I Storbritannia har han hamna på den «ekte» raudlista over trua artar etter at over 50% av den britiske bestanden har forsvunne i løpet av dei siste 25 åra (RSPB 2002, BTO 2003). På grunn av den store tilbakegan-

gen, vart det sett i gang ei stor undersøking for å sjå kva som hadde hendt med sporvane i London. Ein fann då ut at det var fleire sporvar i utkanten av byen enn i sentrum. Elles var det fleire sporvar på stader der dei vart føra, og fleire sporvar hekk i hus bygde mellom 1919 og 1944 enn i hus bygde i andre tidsintervall. Sporvar som vart observerte ved gamle bygningar hekk som oftast i hølær, krokær og sprekkjer på sjølvbygningen, medan sporvar ved nyare bygningar oftare la reira sine i ein busk eller hekk i hagen. Dette kan tyda på at sporvane føretrekk å ha reiret sitt i hus der dette er tilgjengeleg (RSPB 2002). Kanskje kan difor tettare hus med påfølgjande mangel på reirplassar også forklara litt av kvifor bestanden har gått så kraftig tilbake.



*Mattilgang om vinteren er svært viktig for overlevinga til gråsporven. Truleg er dette ein føresetnad for å oppretthalda livskraftige bestandar rundt om i Norge. Foto: Terje O. Nordvik.*

Bygardar, eller såkalla «City Farms», sjølv midt i byen, såg ut til å vera dei beste stadene for sporv i London. Dette kan henga saman med at gråsporven kan ha vanskar med å finna nok mat, som til dømes insekt til å føra reirungane med, eller frø til dei utflogne ungane, noko andre studium indikerer. Bygardane har ofte litt korn som ligg att etter husdyra, i tillegg til ugrasflekkar med stor tettleik av naturlege urter som set frø.

### **Gråsporven på den engelske landsbygda**

Eit større doktorstudium (Hole 2001, Hole m.fl. 2002) av gråsporv på den engelske landsbygda konkluderte med at bestanden hovudsakleg hadde gått tilbake på grunn av nedsett overleving, og at denne dårlege overlevinga i hovudsak kunne skuldast avgrensa mattilgang om vinteren. Mattilgangen hadde truleg vorte forringa som følgje av endringar i gardsdrifta, og kor mykje mat sporvane har tilgjengeleg varierer sannsynlegvis også i dag med korleis garden vert driven, (økologisk eller intensivt). Bereevna for kor mange sporvar som kan vera på ein gard kan difor variera sterkt. Bruk av plantevernsmiddel kan ha redusert tilgangen både på insekt frørike urter. Ein veit at det har vore ein utstrekt reduksjon i frørike habitat dei siste tretti åra, spesielt om vinteren. Dessutan kan mindre spillkorn

(Summers-Smith 1988) og generelt ryddigare gardar som følgje av EU-reguleringar også ha ført til lågare vinteroverleving. På økologiske gardar greidde fuglane seg betre om vinteren. Dette kan vera fordi dei lettare kan finna seg mat her, eller fordi korn og dyrefôr ikkje vert lagra så «fuglesikkert».

Hole (2001) delte også vinteren opp i ulike periodar og samanlikna overlevinga i desse. Overlevinga var klart dårlegare på seinvinteren enn på tidlegvinteren, noko som truleg kan skuldast at mattilgangen avtar utover vinteren, og at den maten som er att ofte også kan vera av dårlegare kvalitet. Hole viste også at ved å gje sporvane ekstra mat om vinteren, ville fleire sporvar overleva både vinteren og den kommande sommaren, og han kunne oppretthalda ein større populasjon.

Når populasjonsnedgang er knytta til habitatsøydelegging, aukar risikoen for at arten det gjeld skal verta lokalt utrydda og få innsnevra utbreiing. Avstanden mellom dei eigna habitata, samt organismen si spreingsevne er då viktig for kor fort ein stad der arten har forvunne frå, vert rekolonisert. Dei same faktorane vil også påverka rata av genetisk utskifting mellom dei populasjonane som er att. Er det lite immigrasjon, vil ein populasjon heller ikkje få tilført

mange nye gen frå andre populasjonar. Slik vil det verta større genetisk skilnad mellom ulike populasjonar, og mindre genetisk variasjon innanfor dei ulike småpopulasjonane. Genetisk variasjon er viktig for at ein art skal kunna tilpassa seg endringar i miljøet, og populasjonar med liten genetisk variasjon vil lett kunna bukka under for små endringar. Lita spreingsevne og lange avstandar mellom dei eigna habitata kan difor føra til at små populasjonar lettare dør ut, samstundes som dei har mindre sjanse for å verta rekoloniserte. På grunn av at gråsporven er så heimkjær og dei ulike populasjonane vert meir og meir isolerte, kan det difor, sjølv i liten skala, lett oppstå eit markant genetisk skilje mellom dei ulike små populasjonane. Når me ser på gråsporven si åttferd i lys av at han også har hatt ein vesentleg regional bestandsnedgang, og at gardsmiljøet har vorte forringa, kan den genetiske utskiftinga mellom populasjonane ha vorte kraftig redusert. Samanlikna med andre fuglar som er knytta til gardsdrift vert difor gråsporven spesielt sårbar overfor vidare endringar i landbrukslandskapet.

### **Status i Norge**

Dei fleste nordmenn har kanskje inntrykk av at det var meir gråsporv før enn nå, men ettersom me aldri har hatt oversikt over



gråsporvbestanden her til lands, er det vanskeleg å seia noko sikkert. Det er likevel ikkje så utenkjeleg om bestanden har gått kraftig tilbake, ettersom også norske bønder har gått over til å driva meir effektivt og intensivt, sjølv om omfanget av dette kanskje er litt mindre her enn i Storbritannia. Også her fører høgare hygieniske krav i fjøsa til færre insekt, fôrrestar og spillkorn. Tidlegare møtte gråsporven eit liknande problem. Løvenskiold skriv i si «*Håndbok over Norges fugler*»: «Den har også sitt tilhold i byene, men var tidligere mer tallrik her. Etter at hestekjøretøyene mer og mer erstattes av biler, finner den ikke lenger den samme tilgang på føde.» Kanskje er det eit håp at hesten er tilbake på mange gardar, spesielt på Austlandet? Mangel på reirplassar kan også vera eit problem, ettersom både siloar og hus har vorte tettare.

Gråsporven held seg stort sett innanfor ein radius av 1 km (Bjordal 1994), så vinterutbreiinga bør i høgaste grad falla saman med hekkeutbreiinga. Samanliknar ein kartet frå *Norsk fugleatlas* (Gjershaug m.fl. 1994) med kartet frå Vinteratlas (Jensen & Bakken 2001) vil ein difor kunna seia litt om korleis utbreiinga har endra dei siste ti åra. Her er det ikkje store skilnader, noko som kan tyda på at den totale utbreiinga ikkje har endra seg stort sidan 1994. Lokalt kan det likevel sjå ut som om utbreiinga har endra seg ved ein tendens til framgang i Hedmark, samt tilbakegang på kysten av Nordvestlandet, Nord-Trøndelag og Nordland.

### Kva kan gjerast?

Medan forskarane freistar å finna årsakene til nedgangen i gråsporvbestanden, kan folk flest hjelpa både gråsporven og andre fugleartar ved å sørgja for at dei har nok mat, vatn, skjul og reirplassar. Vidare kan me arbeida med å få gråsporven bort frå lista over skadedyr. Me bør også etterstreba å få betre kunnskap om gråsporven sin status. Dersom det viser seg at han er i trøbbel i Norge, må me jobba vidare med å få han inn på Raudlista over trua artar, samt setja i gang konkrete tiltak for å verna om han.

### Summary

#### The House Sparrow – a hardy bird in decline?

The House Sparrow *Passer domesticus* has been nominated as Bird of the Year 2003 in Norway. It is an acquainted species that has accompanied man and adapted to living in an urban and suburban environment. The gregarious and resident bird has been blamed for causing damage to crops and for disturbing other passerines.

It is now being blamed for being a carrier of various diseases, even though little has been proven. Rather than considering it being a pest, we should start focusing on all the good that it does, catching insects, etc.

The House Sparrow population has, along with many other farmland species, decreased radically in many European countries during the last 25 years. Due to a more than 50% decrease in the British population during the last 25 years, the species has earned its place in the British Red Data Book of threatened species. The decline has been observed both in urban, suburban and rural areas, and several studies have been carried out in order to explain this. Both a rural study and a study of the London sparrows concluded that the decline could be due to food shortage, especially during winter. The food shortage is most likely caused by changed farming habits. A shortage of breeding sites due more «bird proof» houses might also contribute to a further population decline.

Due to habitat deterioration and the resident nature of the House Sparrow, loss of genetic variance cannot easily be regained. Compared to other farmland species, this makes it especially vulnerable to further changes in the farmland habitat.

The status in Norway is uncertain, though many of the British farmland changes have also been applied to Norwegian farms, and it is therefore not unlikely that also the Norwegian population has radically decreased. However, comparing the map of the Norwegian Breeding Atlas from 1994 with the last updated map from the Winter Atlas Project (still running), suggests that the total range within Norway has not changed much since 1994, though there might be some local changes.

### Referansar

- Berge, T. 2002. Feeding frequency in House Sparrow *Passer domesticus* – influencing factors and reproductive success. *Cand. scient. thesis, NTNU, Trondheim*.
- Bjordal, H. 1994. Gråsporv *Passer domesticus*. S. 256 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.): *Norsk fugleatlas*. Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- BTOWeb 2003. The population status of birds in the UK. URL: <http://www.bto.org/psob/redlist.htm>
- Collett, R. 1921. *Norges fugle* (I). H. Aschehoug & Co (W. Nygaard), Kristiania, s. 459-465.
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.): *Norsk fugleatlas*. Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu. 552 s.
- Griffith, S.C. 2000. A trade-off between reproduction and a condition-dependent sexually selected ornament in the house sparrow *Passer domesticus*. *Proceedings of the Royal Society of London. Series B* 267: 1115-1119.

- Griffith, S.C., Owens. I.P.F. & Burke, T. 1999. Female choice and annual reproductive success favour less-ornamented male house sparrows. *Proceedings of the Royal Society of London. Series B* 266: 765-770.
- Haftorn, S. 1971. *Norges fugler*. Universitetsforlaget, Oslo/Bergen/Tromsø, s. 741-743.
- Hole, D.G. 2001. The population ecology and ecological genetics of the house sparrow *Passer domesticus* on farmland in Oxfordshire. *Ph.d. Thesis, University of Oxford, Oxford*.
- Hole, D.G., Whittingham, M.J., Bradbury, R.B., Anderson, G.Q.A., Lee, P.L.M., Wilson, J.D. & Krebs, J.R. 2002. Widespread local house sparrow extinctions. *Nature* 418: 931-932.
- Jensen, T. & Bakken, V. 2001. Vinteratlasprosjektet 2000/2001: Hullene tettes. *Vår Fuglefauna* 24: 148-153.
- Kostveit, Å.Ø. 2000. *Fuglen i folkekulturen*. Landbruksforlaget AS.
- Krebs, J.R., Wilson, J.D., Bradbury, R.B. & Siriwardena, G.M. 1999. The second silent spring? *Nature* 400: 611-612.
- Løvenskiold, H. L. 1947. *Håndbok over Norges fugler*. Gyldendal Norsk Forlag, Oslo, s. 80-83.
- Møller, A.P. 1987a. Social control of deception among status signalling house sparrows *Passer domesticus*. *Behavioural Ecology and Sociobiology* 20: 307-311.
- Møller, A.P. 1987b. Variation in badge size in male house sparrows *Passer domesticus*: evidence for status signalling. *Animal Behaviour* 35: 1637-1644.
- Møller, A.P. 1988. Badge size in the house sparrows *Passer domesticus*. Effects of intra- and intersexual selection. *Behavioural Ecology and Sociobiology* 22: 373-378.
- Ringsby, T.H., Sæther, B.-E. & Solberg, E.J. 1998. Factors affecting juvenile survival in House Sparrow *Passer domesticus*. *Journal of Avian Biology* 29: 241-247.
- Ringsby, T.H., Sæther, B.-E., Tufto, J., Jensen, H. & Solberg, E.J. 2002. Asynchronous spatiotemporal demography of a house sparrow metapopulation in a correlated environment. *Ecology* 83:561-569.
- RSPB 2002. Where have all our sparrows gone? *Survey report London, 2002. RSPB, Bedfordshire*.
- Solberg, E.J. & Ringsby, T.H. 1997. Does male badge size signal status in small island populations of House Sparrows, *Passer domesticus*? *Ethology* 103: 177-186.
- Strand, E. 1901. *Norske fuglar I Stijefuglarne*. Det Norske Samlaget, Kristiania, S. 97-99.
- Summers-Smith, D. 1963. *The House Sparrow*. Collins Clear-Type Press, London.
- Summers-Smith, D. 1988. *The Sparrows*. Poyser Ltd., Staffordshire.
- Veiga, J.P. & Puerta, M. 1996. Nutritional constraints determine the expression of a sexual trait in the house sparrow, *Passer domesticus*. *Proceedings of the Royal Society of London. Series B* 263: 229-234.

Forfattern sin adresse: Torborg Berge, Klæbu. 106, 7030 Trondheim.  
E-post: [prosjekt@birdlife.no](mailto:prosjekt@birdlife.no)

## Har du betalt for Ornis Norvegica — men ennå ikke fått tidsskriftet i posten?

Sammen med VF 3-2002 sendte vi ut en giro med oppfordring om å abonnere på Ornis Norvegicas 2002-årgang. Gledelig mange har respondert på vår oppfordring, og vi har nå hele 690 abonnenter!

Dessverre er det mellom 60 og 70 abonnenter som glemte å skrive navnet sitt på giroen!

Ta derfor kontakt med oss (tlf.: 73 52 60 40, e-post: [nof@birdlife.no](mailto:nof@birdlife.no)) dersom du mener du har betalt og ikke fått tidsskriftet. Det er veldig viktig at du i så fall gir oss ditt kontonummer og dato for innbetaling, slik at vi kan sjekke ut de navnløse innbetalingsblankettene etterhvert.